

VEDLEGG 7**Rapportering på finans- og gjeldsforvaltninga per 30.april 2019**

Finansreglementet seier at fylkesrådmannen 3 gonger i året legg fram for fylkestinget rapport for finans- og gjeldsforvaltninga. Rapporteringa skal skje i samband med tertialrapportering per 30. april, 31.august og ved utgangen av kvart år. Fylkesrådmannen legg no fram rapport om finans- og gjeldsforvaltninga per 30.april 2019.


Reglementet omhandlar tre ulike forvaltningstypar:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Når det gjeld langsiktige finansielle aktiva har ikkje finansreglementet plasseringsrammer for dette. Fylkesrådmannen har såleis ingenting å rapportere på denne forvaltningstypen.

Hovudtrekk

Pr. 30. april 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune ei gjeldsportefølje på om lag 2,3 mrd. kr og ledig likviditet på om lag 2,5 mrd. kr. Det høge gjeldsnivået må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sine ledige midlar. Fylkeskommunen tek ikkje stor risiko i plasseringa av sine midlar, og dei er tilgjengelege på kort tid. Med ledige midlar på om lag 2,5 mrd. kr vurderer fylkesrådmannen likviditeten til fylkeskommunen som svært god. Av gjeldsporteføljen er det kun 24 % som er eksponert for renterisiko. Renterisikoen må sjåast i samanheng med fylkeskommunen sin likviditet og ein renteoppgang vil få ein positiv innverknad på økonomien i fylkeskommunen på kort sikt jf. risikovurderinga nedanfor. Vidare kjem 23,6 % av gjelda til forfall innanfor dei neste 12 mnd., og medfører at fylkeskommunen er utsett for ein viss refinansieringsrisiko. Denne risikoen vert vurdert fortløpande og må sjåast opp mot likviditeten. Grafen under viser utviklinga i fylkeskommunen si gjeld og likviditet det siste året.



Det er betalt om lag 12 mill. kr i avdrag på lån i rapporteringsperioden som har redusert lånegjelda. Likviditeten har vore tilnærma uendra. Årets låneopptak er ikkje gjennomført, dette vil gi ein auke i både lånegjelda og likviditeten.

Rentemarknaden:

I rapporteringsperioden har pengemarknadsrenta (3M Nibor) gått opp og ligg per 30.04.19 på 1,4 %. Med ein refinansieringsandel på 23,6 % er det 551,8 mill. kr i kortsiktige lån som skal refinansierast dei neste 12 månadane. I tillegg skal låneopptaket for 2019 gjennomførast.

Pengepolitisk rapport 1/19 vart publisert i mars og Noregs Bank sitt hovudstyre vedtok å heve styringsrenta med 0,25 %-poeng til 1 %. Hovudstyret si vurdering var at kapasitetsutnyttinga i norsk økonomi var litt over eit normalt nivå og den underliggende prisveksten var litt høgere enn inflasjonsmålet. Utsiktene og risikobildet i vurderinga til Noregs Bank tilseier også at styringsrenta mest sannsynleg vil bli satt vidare opp i løpet av det neste halvåret. I møtet i mai vart det ingen

endring i styringsrenta, men prognosane tilseier at styringsrenta mest sannsynleg vert sett opp i juni.

Per 30.04.2019 er 5 års swaprente indikativt prisa til 1,85 %. Pengemarknadsrentene har auka i rapporteringsperioden og det er venta stigande renter framover. Dette talar for at finansieringskostnaden for fylkeskommunen vil auke. Pr. 1.tertial vil likevel ein renteoppgang gi ein positiv innverknad på fylkeskommunen sin økonomi, då den renteberande likviditeten utgjer ein større del enn den flytande gjelda.

Rapportering i høve finansreglementet sine avgrensingar

Rammene i finansreglementet set avgrensingar for finans- og gjeldsforvaltninga. Tabellen nedanfor syner om det er avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i reglementet. Første og andre kolumnen i tabellen syner ulike parameter og deira avgrensingar i finansreglementet. Kolumnen 3 syner status på rapporteringstidspunktet der det er aktuelt og i kolumnen 4 vert det kommentert om det er avvik i høve reglementet.

Finans- og gjeldsforvaltninga	Finansreglementet sine avgrensingar	Status	Avvik
Likviditetsforvaltninga			
Støste enkeltbinding på plassering	Maksimalt 100 mill. kr	-	Nei
<u>Rentefølsemd - fond</u>			
Plassering av kort likviditet	Maksimalt 1 år	-	Nei
Plassering av mellomlang likviditet	Maksimalt 2 år	-	Nei
<u>Andel av forvaltningskapital</u>			
Innskot i bank/kredittinstitusjon	≤ 2%	-	Nei
Eigardel i eit rentefond	≤ 5 %	-	Nei
Risikovekt på papir i pengemarknadsfond	Under 20 % BIS-vekt	-	Nei
Gjeldsforvaltninga			
Durasjon - vekta rentebindingstid	Mellom 1 - 5 år	1,10	Nei
Refinansieringsandel innan 12 mnd	Maksimalt 35 %	23,6 %	Nei
Tal lån	Færrast mogeleg, men ikkje færre enn at refinansieringsrisikoen vert avgrensa	18	Nei
Største lån	Maks 25% av den samla låneporteføljen	9,6 %	Nei
Rentebindingsandel	Mellom 33,3 % - 66,6 % av netto renteberande gjeld	57,7 %	Nei

For ordforklaring og utfyllande informasjon om finansreglementet sine avgrensingar sjå finansreglementet med tilhøyrande definisjonsark, jf. FT-sak 34/16.

Pr. 30.04.19 er det ingen avvik mellom den faktiske finans- og gjeldsforvaltninga og finansreglementet sine rammer.

Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

Det vert vist til finansreglementet sitt punkt 6.4. Finansreglementet skil mellom kort likviditet og mellomlang likviditet (midlar som ikkje er forventa nytta innan 2 år). Pr. 30.04.19 har fylkeskommunen 2546,9 mill. kr i ledige midlar, der 500 mill. kr er definert som mellomlang likviditet. Den ledige likviditeten er fordelt på bankinnskot, pengemarknadsfond og obligasjonsfond.

I tabellen nedanfor ser ein utviklinga i avkastninga på likviditeten samla dei siste rapporteringsperiodane, samanlikna med referanserenta (benchmarkⁱ):

Avkastning dei siste fire rapporteringsperiodane, i mill. kr	30.04.2018	31.08.2018	31.12.2018	30.04.2019
Avkastning i perioden	13,9	15,2	11,7	15,6
Avkastning benchmark i perioden	6,4	6,8	8,6	10,9

Fylkeskommunen har fått 15,6 mill. kr i samla avkastning i rapporteringsperioden. Dette gjev ei meiravkastning på 4,7 mill. kr i første tertial, samanlikna med referanserenta. Auken i avkastninga i denne rapporteringsperioden, samanlikna førre periode, skuldast at vi har hatt ein høgare likviditet og ein høgare 3M Nibor i denne rapporteringsperioden. Sett i lys av at rentenivået framleis er lågt har fylkeskommunen fått relativt god avkastning og fylkesrådmannen er nøgd med avkastninga.

Tabellen under syner fordelinga av den ledige likviditeten pr. 30.04.19. Vidare samanliknar vi den faktiske avkastninga til fylkeskommunen i perioden mot referanserenta (benchmark). Avkastning i % syner kva avkastning dei ulike plasseringsalternativa har hatt i perioden og kor mykje dette ville utgjort per år (p.a.).

Plassering	Innskot pr.30.04.2019		Avkastning i %		Avkastning i mill.kr		
	mill. kr	% -andel	I perioden	P.a	SFJ FK	Benchmark	Diff.
Bankinnskot	2181,7	85,7 %	0,53 %	1,58 %	12,0	9,9	2,1
Pengemarknadsfond	107,2	4,2 %	0,79 %	2,41 %	0,8	0,4	0,4
Obligasjonsfond	258,0	10,1 %	1,60 %	4,86 %	2,8*	0,6	2,2
Samla	2546,9	100 %	0,61 %	1,85 %	15,6	10,9	4,7

*Som følgje av kjøp av nye fondsdelar (sjå tekst nedanfor) i rapporteringsperioden er avkastninga i mill. kr som vi har oppnådd for obligasjonsfonda ikkje samanliknbar med avkastninga i prosent som gjeld heile første tertial.

Størstedelen av bankinnskotet er plassert i vår hovudbank, Sparebank 1 SMN. Grunnlaget for at ein så stor del er plassert i hovudbanken er vurderingar knytt til rentevilkår og risiko på plasseringane. Risikoen knytt til å ha så mykje midlar i ein bank er vurdert som liten og handterbar. Innskota i andre bankar er i hovudsak i Danske Bank der konsesjonskraftinntektene vert innbetaltⁱⁱ. I tillegg har fylkeskommunen om lag 37 mill. kr innestående på eigen bunden skattetrekkkonto.

I rapporteringsperioden er det overført 500 mill. kr frå driftskonto til plasseringskonto pluss for å få ei betre rente. Plasseringskonto pluss har 31 dagars bindingstid, og alle uttak og overføringar skal difor varslast minimum 31 dagar før uttaket skal skje. Innskota er gjort med 100 mill. kr over tid, og utgjør samla 500 mill. kr.

Pr. 30.04.19 har fylkeskommunen 1,5 mrd. kr på plasseringskonto pluss i Sparebank 1 SMN. I tillegg har fylkeskommunen overført 100 mill. kr til ein tilsvarande konto i Sparebanken Vest. Fylkesrådmannen vurderer innskota som risikofrie då fylkeskommunen har god likviditet og ikkje treng pengane på så kort tid.

ⁱFylkesrådmannen har i si samanlikning med marknadsrenter for bankinnskot brukt gjennomsnittleg 3 mnd. Nibor som referanserente, samt nytta eit gjennomsnitt av samla kortsiktig likviditet i perioden som grunnlag for berekningane. For plasseringane i pengemarknadsfond og obligasjonsfond er det nytta 3 mnd. statsobligasjons-indeks (ST1X) som referanserente.

ⁱⁱ Konesjonskraftinntektene vert innbetalt i euro (EUR), og ved sikring av konsesjonskraftinntektene vert det også føreteke valutasikring.

Vidare er det plassert 100 mill. kr i obligasjonsfondet Alfred Berg Nordic Investment grade og 50 mill. kr i eit nytt obligasjonsfond, Danske Invest Norsk Kort Obligasjon, i rapporteringsperioden.

Fylkeskommunen har pr. 30.04.19 plassert 107,2 mill. kr av den ledige likviditeten i pengemarknadsfond og 258 mill. kr i obligasjonsfond. Fondsplasseringane er fordelt slik:

Kort likviditet, etter finansreglementet sitt pkt. 6.1:

- Pluss likviditet (52,3 mill. kr)
- Pluss Likviditet II (54,9 mill. kr)

Mellomlang likviditet, etter finansreglementet sitt pkt. 6.2:

- Alfred Berg Nordic Investment Grade (155,8 mill. kr)
- Pluss Obligasjon (51,9 mill. kr)
- Danske Invest Norsk Kort Obligasjon (50,3 mill. kr)


Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar

Det vert vist til finansreglementet sitt punkt 7.7. Pr. 30.04.19 har fylkeskommunen ei samla lånegjeld på 2341,5 mill. kr. Av dette er 758,2 mill. kr lån som er rentesikra med rentebytteavtalarⁱⁱⁱ, 1470,3 mill. kr er lån med Nibor tilknytt rente, og 113,0 mill. kr er lån med pt. rente.

Låneporteføljen består av serielån i Kommunalbanken og lån i kapitalmarknaden (sertifikat- og obligasjonslån). Andelen serielån (1264,7 mill. kr) utgjer 54 % av den totale gjelda, medan lån i kapitalmarknaden (sertifikat: 356,8 mill. kr og obligasjonar: 720,0 mill. kr) utgjer 46 %. Ein del av låna i kapitalmarknaden har relativt kort løpetid og må refinansierast ved forfall. Innan eitt år har lån på til saman 551,8 mill. kr forfall. Dette utgjer 23,6 % av den samla gjeldsporteføljen.

Av den samla lånegjelda får fylkeskommunen rentekompensasjon på ei investeringsramme på omlag 1 mrd. kr. Ved berekning av rentesikringsandel nyttar vi den delen av gjelda som er utsett for renterisiko (netto renteberande gjeld) – vi trekker difor ut lånegjeld tilsvarande investeringsramma som vert rentekompensert.

Diagramma under syner kor stor del av den samla gjelda som er utsett for renterisiko og sikringsandelen i høve finansreglementet pr. 30.04.19:



ⁱⁱⁱ Rentebytteavtale er ein avtale mellom bank og kunde om bytte av framtidige renteutbetalingar. Som hovudregel vil den eine parten betale fast rente i heile perioden, medan den andre parten betalar flytande Nibor rente. I gjeldande rentebytteavtalar er det fylkeskommunen som betalar fast rente medan banken betalar flytande Nibor rente.

Av den samla lånegjelda vert 1027,6 mill. kr rentekompensert og 758,2 mill. kr er rentesikra. Såleis er det kun 555,7 mill. kr av den totale gjelda som vert rekna til flytande vilkår. Dette medfører at 24 % av den samla gjelda er eksponert for renterisiko.

Diagrammet til høgre syner sikringsandelen av netto renteberande gjeld. Pr. 30.04.19 er netto renteberande gjeld 1313,9 mill. kr, og vi har ein rentesikringsandel på 58 %. Rentesikringsandelen på 58 % viser at vi har ein høg sikringsgrad på den netto rente-eksponerte gjelda, utifrå at maksimumsnivået i finansreglementet er 66 %.

Fylkesrådmannen har hatt som målsetting å ha ein høg del av låneporteføljen på fastrentevilkår når det er forventning om stigande rentenivå. Rentebindingar både på kort og lang sikt vert såleis vurdert fortløpande.

Vekta attståande rentebindingstid på låneporteføljen er berekna til 1,10 år, og gjennomsnittleg løpetid for låneporteføljen 6,69 år. Dette er innafør finansreglementet sine rammer.

Tabellen nedanfor viser ei samanlikning av eigne rentevilkår (snittrente) mot marknadsvilkår i rapporteringsperioden:

	30.04.2018		31.08.2018		31.12.2018		30.04.2019	
	mill. kr	%	mill. kr	%	mill. kr	%	mill. kr	%
Rentekostnad i perioden/ snittrente	15,0	2,0 %	15,7	2,0 %	16,2	2,1 %	17,0	2,2 %
Rentekostnad benchmark i perioden/ gj.sn NIBOR 3M	7,6	1,0 %	8,9	1,2 %	8,9	1,2 %	10,3	1,3 %

Snittrenta i perioden for heile porteføljen er 0,9 %-poeng høgare enn referanserenta. Om lag halvparten av denne meirkostnaden i høve referanserenta (flytande vilkår) er forsikringspremien fylkeskommunen betalar for å redusere risikoen i høve renteendringar på kort og mellomlang sikt. Den andre halvparten skuldast at bankane har ein margin på sine utlån utover referanserenta.

Fylkesrådmannen er forplikta til å ta opp vedteke lån i løpet av året. Låneopptaket for 2019 er ikkje gjennomført i rapporteringsperioden. Fylkeskommunen har god likviditet og har difor ikkje hatt behov for å ta opp årets lån. To sertifikatlån er rullert med eitt nytt sertifikatlån. Det er ikkje inngått nokon nye rentebyteavtalar i perioden.

Risikovurdering

I finansreglementet punkt 10.2 står det at det skal gjerast ei risikovurdering i høve renterisikoen ved ei generell endring i renta på 1 % -poeng.

Berekninga viser at med gjeldande portefølje per 30.04.19 vil fylkeskommunen få ein gevinst på 10 mill. kr ved ein renteoppgang på 1 %. Den rentebærande likviditeten utgjer ein større del enn den flytande delen av gjeldsportefølja. I følgje berekninga vil ei endring i renta få ein positiv innverknad på økonomien i fylkeskommunen på kort sikt.

Når ein tek omsyn til storleiken på finansporteføljen vil fylkesrådmannen konkludere med at risikoeksponeringa per 30.04.19 er innafør eit akseptabelt nivå.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen har ovanfor lagt fram sin rapport på finansporteføljen per 30.04.19.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget tek rapporten til orientering.